



DEN NORSKE KIRKE

Bygland og Årdal sokn

Møteinnkalling

Til medlemmene i Bygland og Årdal sokneråd

Ein kallar med dette inn til møte i soknerådet, **måndag 2.mars 2026, kl. 17:00** på kyrkjekontoret sitt møterom.

Ver vensam å gje snarleg tilbakemelding om du ikkje kan kome.

Saksliste

11/26	FR	Godkjenning av innkalling og protokoll
12/26	SR	Orienteringssaker
13/26	SR	Årsrekneskapet til SR
14/26	FR	Budsjett 2026
15/26	SR	Offerliste. Kyrkjevertliste og kyrkjekaffi for 2026
16/26	FR	Kyrkjebladet
17/26	SR	Haustrkonfirmasjon
18/26	FR	Møteplan

Bygland kyrkjekontor, 24.februar 2026

Gro-Tove Frafjord Sandnes
soknerådsleiar
(sign.)

Anne Synnøve Ropstad
kyrkjeverje
(sign.)

11/26 FR Godkjenning av innkalling og protokoll

Sakshandsamar: kyrkjeverja

Framlegg til vedtak:

Innkalling og protokoll godkjennast.

12/26 SR Orienteringssaker

Sakshandsamar: kyrkjeverja

Orienteringssaker

- Fasteaksjonen. Vi samarbeider med KVS-Bygland om å arrangere akedag
- Branntilsyn

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek saken til orientering.

13/26 SR Godkjenning av årsrekneskapet til SR

Sakshandsamar: soknerådsleiar/kyrkjeverja

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner årsrekneskapet

14/26 FR Budsjetthandsaming

Sakshandsamar: soknerådsleiar/kyrkjeverja

Det føreligg eit budsjett i underskot. Dette skyldast i hovudsak aukte driftsmidlar. Vi må diskutere kva vi vil gjere med dette.

Framlegg til vedtak:

Budsjettforslaget godkjennast med dei endringar som ein er komen fram til i møtet, og oversendast kommunen til orientering.

15/26 SR Offerliste, kyrkjevertliste og kyrkjekaffi for 2026

Sakshandsamar: soknepresten/soknerådsleiar

- Forslag til offerliste er vedlagt
- Kyrkjevert og kyrkjekaffi vert ettersendt

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vedtek offerliste, kyrkjevertliste og kyrkjekaffiliste for 2026

16/26 FR Kyrkjebladet

Sakshandsamar: Soknerådsleiar/Kyrkjeverje

Kyrkjebladet er blitt ein større utgift, fordi det kjem inn mindre midlar til bladet. Det er samstundes ein fin måte å nå ut til medlemmane på. Skal ein fortsetje å gje ut kyrkjebladet? Er det mogleg å tenkje at ein bør redusere antall utgåver? Kva vil vi med bladet, kva saker skal ein skrive om.

Framlegg til vedtak:

Utarbeidast i møte

17/26 SR Haustkonfirmasjon

Sakshandsamar Soknerådsleiar/kyrkjeverje

Fleire av kyrkjelydane i dalen har no flytta konfirmasjonen til hausten. Det gjev rom for å ha ein sommarleir på slutten av konfirmasjonstida. Ein ser og for seg at ein kan samarbeide i dalen om å få ein felles konfirmasjonsleir. Då kan og konfirmasjonsåret starte litt seinare, og ein har tid til å kome i gong med anna kyrkjeleg verksemd på hausten. Her og er det fint å kunne samarbeide med dei andre kyrkjelydane om litt større arrangement.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet flyttar konfirmasjonane frå og med 2027 til hausten.

18/26 FR Møteplan, 2026

Sakshandsamar: kyrkjeverja

Datoane passar ikkje for alle, vi må vedta ny møteplan. Vi finn datoane i møtet, leiar kjem med forslag.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet vedtar forslaget til møteplan for 1.halvdel av 2026.
